


TIL LÆRAREN

Diftongar – eit nynorsk kjenneteikn



Reiv (med diftong) er noko heilt anna enn rev (utan diftong).

Illustrasjon: Kristoffer S. Mathisen

Finndiftongen i teikneserien. Snakk om diftongar i klassen og skriv nokre ordpar på tavla. Til dømes raud – rød, draum – drøm og gøyme – gjemme/gjømme.

Ein diftong er to vokalar etter kvarandre i same stavinga. Nokre døme på diftongar er *ei*, *au*, *øy*, *ai* og *oi*. Merk at diftongar må uttalast i same stavinga: *ei* er altså ein diftong i ordet «stein», men ikkje i «protein».

Eit kjenneteikn på nynorsk er at nynorsk har diftongar oftare enn det bokmål har. Det gjeld særleg diftongane *au* og *øy*.

Oppgåve 1

Elevane fyller ut skjemaet under, enten åleine eller med ein læringspartner. Set ring rundt diftongane etterpå.

Nynorsk	Bokmål
fleire	flere
øyre	øre
laurdag	lørdag
auge	øye
drøyme	drømme
teikne	tegne

Oppgave 2

- a) I teksten under er det fire diftongar på **rett** plass. Set strek under dei.
b) Det **manglar** også diftongar fem stader. Set ring rundt der du trur det burde vere diftong.

Eg **heter** Aina. Vennen min Olaj og eg brukar å slappe av på sofaen og **h**øre på musikk, men av og til vil vi **e**gentleg **k**øre olabil i ein fej eller **l**ete etter gull i Alaska.